



REFERAT

STYREMØTE I SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

Møtedato: Tysdag 24. oktober 2023

Tidspunkt: kl. 15.00 – 18.00

Frå styret møte:

George Fulford, Camilla Storøy, Margareth Leinebø, Mathias B. Gjerde, Kjartan Grimstad og Bjarte Uglum

Forfall: Anne Holstad

Frå administrasjonen møte:

Dagleg leiar Andrea Øien Sæverud

Prosjekt- og utviklingsansvarleg Jostein Husøy

Sakliste – vedtakssaker:

Sak S27/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak S28/23 Perioderekneskap pr. 31. august 2023

Sak S29/23 Prognose 2023

Sak S30/23 Budsjet og økonomiplan 2024

Sakliste – orienteringssaker:

Sak S31/23 Status sidelastar

Sak S32/23 Organisasjon

Sak S33/23 Slamfakturering i Sande

Sak S34/23 NORWASTE-utgreiing om mogleg forbehandlingsanlegg for matavfall

Sak S35/23 Infomøte nytt representantskap

Sak S36/23 Presisering av praksis rundt innkjøp avfallsbrønnar

Sak S37/23 Framtidig felles styresamling for renovasjonsselskapa i fylket

SAK NR S27/23
GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak, samr.:

Styret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK NR S28/23
PERIODEREKNESKAP PR. 31. august 2023

Sjå vedlegg, eitt dokument for hushald, eitt for næring. Unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

Rekneskapen er periodisert på best mogleg måte.

Sidan sist perioderekneskap (30/6) har administrasjonen teke ein gjennomgang på fordelinga av administrasjonsnøkkelen. Det vil gi ei omfordeling av kostnader i favør hushald, både inneverande år og vidare framover. Konkret betyr det at det per 31/8 2023 er flytta 860.000 kostnadskroner frå hushald over til næring (720.000,-) og slam (140.000,-). Bakgrunnsnotat var sendt ut og blei gjennomgått,

Vedtak, samr.:

Styret godkjenner rekneskapen pr. 31. august 2023.

SAK NR S29/23 - PROGNOSE 2023

Utsendt prognose for 2023 ble gjennomgått. Ia.

Prognosen har endra seg ein del sidan 30/6, i hovudsak på grunn av endra nøklar på lønn-administrasjon.

- Budsjettet var for positivt med tanke på sal av avfallsfraksjonar når det gjeld hushald. Det har ikkje gått tilbake med tanke på året før, men vi hadde venta det skulle gå meir opp. Avfallsmengda har ikkje gått ned, men det har prisane. Det er korrigert for i prognosen.
- Den positive trenden der vi ligg godt an på varekostnader både når det gjeld energigjenvinning og materialgjenvinning, held fram.
- Det er flytta lønnskostnader over frå hushald til næring. Prognosen per 31/8 er korrigert for dette, og vil derfor avvike frå prognosen per 30/6.
- Leasingkostnadene er ikkje like høge som venta, då vi har kjøpt ut eit par bilar.
- Vi kjøper no inn sekkar kvart år i staden for annakvart år, derfor er prognosen justert med 400.000.
- Dataprogram-posten blir påverka av endringane i lønn-administrasjons-nøklane, og er justert deretter.
- Vedlikehald bilar, det er ein del reparasjonar i perioden. Håpar likevel å ende positivt i forhold til budsjett.
- Renteutviklinga blei verre enn kva rekna med, vi har derfor juster prognosen med 100.000.

Vedtak, samr.:

Styret godkjenner prognosen.

SAK NR S30/23 – BUDSJETT 2024

Framlagt budsjett blei gjennomgått, samt økonomiplan og investeringsplan.

Usikkerheitsmoment i budsjettet 2024:

- Regjeringa sitt forslag er å auke Co2-avgifta på avfallsforbrenning med 85 prosent per tonn. I 2023 ligg avgifta på 131 kroner per tonn. Om forslaget får gjennomslag og avfallsmengda held seg oppe, utgjer det ein ekstrakostnad på 336 000 per år for hushaldskundane. (3000t x 243,-). Dette er ikkje teke omsyn til i budsjettet.
- Korleis blir kostnadsutviklinga generelt i samfunnet, og spesielt når det gjeld bilar og drivstoff

- Nye krav til innsamlingsordningar for tekstilar frå og med 2025. Kor omfattande og kostnadskrevjande blir desse, og kva inneber det av kostnader og førebuingsarbeid er usikkert.

Endringar i gebyrregulativet:

Tidlegare har ein stort sett lagt flatt på den prosentvise gebyrauken på alle prisar, også på enkeltfraksjonar på miljøstasjonen. I år har vi teke ein ny gjennomgang og endra litt på praksisen. Vi har sett ned enkelte prisar og ikkje lagt på seks prosent på alle fraksjonar, men prøvd å halde det på 2023-nivå. Det vil til dømes seie at vi framleis vil ta 3 kroner for grovavfall, treverk og deponi. Andre merkbare endringar:

- Vi set ned minsteprisen på miljøstasjonane frå 70,- til 60,- kr.
- Vi set ned prisen for dekk på felg frå 173,- til 50,- kr per stk, samtidig aukar vi kilopris for skitne dekk frå 3,02,- til 5,- kr. Reine dekk utan felg er framleis gratis/inkludert i gebyret.

Vedtak, samr.:

Styret godkjenner budsjettet og gebyrregulativ,

Orienteringssaker:

SAK NR S31/23
Status sidelastar

Dagleg leiar orienterte på møtet.

SAK NR S32/23
Organisasjon

Dagleg leiar orienterte på møtet, også om nye stillingar innan administrasjon.

SAK NR S33/23
Slamfakturering i Sande

Dagleg leiar orienterte på møtet.

SAK NR S34/23
NORWASTE-utgreiing om mogleg forbehandlingsanlegg for matavfall

Dagleg leiar orienterte om framdrift på møtet.

SAK NR S35/23
Infomøte nytt representantskap

Dagleg leiar orienterte på møtet.

SAK NR S36/23
Presisering av praksis rundt innkjøp nedgrevde tankar

Dagleg leiar orienterte på møtet.

SAK NR S37/23
Framtidig felles styresamling for renovasjonsselskapa i fylket


Dagleg leiar orienterte på møtet.

George Fulford
styreleiar


Camilla Storøy
nestleiar


Margareth Leinebø


Anne Holstad


Mathias B. Gjerde


Kjartan Grimstad


Bjarte Uglum

Andrea Øien Sæverud
dagleg leiar